



Tom Sindre Køhne  
Lurevegen 1422  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/2858 - 16/27665

Saksbehandlar:  
Tommy Veland  
TVE@lindas.kommune.no

Dato:  
05.10.2016

## Retting i matrikkelen G.nr.58 B.nr.54

Viser til Dykkar brev av 19.09.2016 om ajourføring i matrikkelen, der de meiner kommunen har retta matrikkelen utan å informere i forkant, eller at Lindås kommune har naudsynt dokumentasjon for å gjera dette. Matrikkelen er ikkje feilfri, og me prøver å vedlikehalda og retta den når det finns naudsynt dokumentasjon.

I dette tilfelle har me skyldskifte frå 9. august 1969, der nausttomten er beskrive «oppmerka ved sjøen med kross i berg og storleik 6x12 meter». I skjøte for same eigedom tinglyst 13.04.1970 er det beskrive slik: «*Kjøpar skal hava vegrett frå parsellen og burt til bygdevegen, og frå parsellen og ned til naustet*».

Det vart 20.10.1978 søkt om å byggja naust på G.nr.58 B.nr.54, noko som og bekreftar at her er ein nausttomt med same bruksnummer som fritidsbustaden. Søknaden har og teikna inn nausttomten med mål (6x12 meter) er signert tidlegare eigar Leif Glenjen. Søknaden har i tillegg gått til Fylkesutvalet i Hordaland den 10.09.1979 for unntak frå oppføring av bygg i strandsona. Søknaden vart påklaga av nabo G.nr.58 B.nr.55, Bjørg Høgheim, om plassering av naustet. Klagen vart ikkje teken til følgje. Ragnar Lygre hadde ingen merknader til saka.

Det er viktig å presisera at grenselinjene som no er lagt inn i kartet ikkje er målt i terrenget, berre teikna inn og dette vil sjølvstøtt medføra feil. Innmåling av grensemerker/krossar er gebyrbelagt og må søkjast om til kommunen av grunneigar.

Me vil beklaga om framgangsmåten kan virka som me tek oss til rette, og me har plikt på oss å informere alle berørte partar. Og i dette tilfelle meiner me å ha god nok dokumentasjon for å leggja inn denne teigen i matrikkelen.



## **Klage**

Klagerett – matrikkellova § 46 punkt h

Enkeltvedtak etter denne lova kan klagast på etter kapittel IV til VI i forvaltningslova. Avslag på krav om retting av opplysningar i matrikkelen jfr § 26 tredje ledd. Klagefristen er 3 veker frå den dagen de mottok vedtaket. Fylkesmannen er klageinstans for kommunale vedtak når ikkje anna er bestemt. Klagen skal grunngjevast og stilast til Fylkesmannen i Hordaland og sendast til Lindås kommune, Geodataavdelinga, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø.

Med helsing

Tommy Veland  
avdelingsleiar Geodata

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Tom Sindre Køhne

Lurevegen 1422 5912

SEIM

Vedlegg

Skyldskifte

Skjøte

Byggeløyve naust m/kartskisse

Teikning naust

Klage frå Bjørg Høgheim

Svar på klage til Bjørg Høgheim